



EKTORATET FOR VILT OG FERSKVANNSFISK
FISKERIKONSULENTEN I VEST-NORGE

UNNMØRE OG ROMSDAL, SGN OG FJORDANE, HORDALAND OG ROGALAND
STRANDGT. 191, 5000 BERGEN - TELEFON (05) 21 63 82

Fiskeribiologiske granskningar.

SULDALSVATN 1975.

av

Fagsekretær Erlend Waatevik.

Fiskerikonsulenten i Vest-Norge
Strandgt. 191. 5000 Bergen.
Oktober 1977.

I N N H A L D .

	Side
INNLEIING	3
GRANSKINGANE	3
Generel	3
Metodikk	4
Resultat	4
1. Aure	4
2. Røye	5
Tilhøva Aure/røye	7
Kulturtiltak/driftsplan	7
KONKLUSJON	8

INNLEIING.

Granskingane vart gjennomførte sommaren 1975 etter oppdrag frå NVE - Statskraftverka (brev av 7. november 1974). Dei dekka kostnadene.

For å vurdera følgjene av komande reguleringsinngrep i og omkring Suldalsvatn, er det viktig å ha eit godt bakgrunnsmateriale. Granskingane tok derfor sikte på å kartleggje fisketilhøva i vatnet særleg med omsyn til bestanden av innlandsfisk.

I rapporten er det også teke med ein bok om tiltak som bør setjast i gang for å auka fiskeproduksjonen og hauste den effektivt (driftsplan).

GRANSKINGANE.Generelt.

Suldalsvatn er etter vestlandsmålestokk eit stort vatn av typen "fjordsjø". Arealet er 2.910 ha og det ligg 67 m o.h. Sett bort frå områda ved Nesflaten/Roaldkvam og Kvildal/Suldalsosen, er vatnet brådjupt med få grunnområder. Vatnet vert rekna for næringsrikt i høve til andre vatn i området og har ein bestand av laks, sjøaure, vanleg aure, røye, ål og stingsild.

Laks og sjøaure blir fanga meir tilfeldig i vatnet særleg etter at regulering av Roaldkvamsåna har øydelagt gyte- og oppveksttilhøva. Fangsten av storarre som særleg gjekk føre seg i Nesflaten/Roaldkvamsområdet har også gått attende som følgje av reguleringa. Desse granskingane har derfor først og fremst vore konsentret om aure- og røyebestanden i vatnet.

Metodikk.

Det vart prøvefiska med garn med ymse makkevidde (Jensen-seriar, 8 garn frå 12 omfar-30 omfar). I juni vart det nytta botngarn ved Kvildal. Bråtveit og Nesflaten/Roaldkvam og i september flytegarn ved Kvildal og Nesflaten, sjå kart.

Flytegarngsfisket vart gjennomført ved unormalt høg vassstand i Suldalsvatnet.

Det vart teke prøver av fangstane for vurdering av kvalitet, vekst og næringsopptak.

Resultat:

I alt vart det fanga 564 fisk på totalt 56 garnnetter. Av fangsten var det 418 røyr - største røye 31 cm og 350 g, og 146 aurar største aure 39 cm og 720 g. Dei to fiske slagene aure og røye vert vidare handsama kvar for seg.

1. Aure.

Lengdefordeling av fangsten ved botngarnfisket frå dei ymse fangstadene er vist på fig. 1, saman med den gjennomnittlege K-faktor. Gjennomgåande var fisken småfallen frå 20-25 cm. Det var liten skilnad mellom dei ymse fangstadene, men ved Bråtveit og særleg ved Kvildal vart det fanga ein del fisk over 25 cm og nokre større over 30 cm.

Auren er etter måten gamal (5 år og eldre). Veksten er noko under medels og viser stagnasjon etter 5-6 året, sjå fig. 2, bakerst. Det er vidare liten skilnad på dei ymse fangstadene, fig. 3, sjå bakerst i rapporten. Ein del større fiskar hadde tydeleg vekstoverslag noko som indikerte at dei hadde gått over på anna føde (fisk).

Mageprøvene viste variasjon i fødeopptake. Ymse insektslarver (vårfluge-fjørmygg), snegl og luftinsekter dominerte. I ein del magar vart det og funne stingsild. Det var ikkje nokon særleg skilnad på dei ymse prøvefiskestadene. Sjå tabell 1, bakerst i rapporten.

Når det gjeld kvaliteten, var auren noko mager, kvit i kjøtet (ca. 85%) og ein del (ca. 25%) angrepen av bendlorm. Kondisjonsfaktoren viser liten skilnad på fangststadene fig. 1. Kondisjonsfaktoren for ymse lengdegrupper fig. 4, bakerst i rapporten, viser nedgang til ca. 30 cm og tyder på for tett aurebestand i høve til næringsmengd. Auke i k-faktor frå 30 cm skuldast fisk som har gått over på å ernære seg av fisk.

Gyte og oppveksttilhøva for aure er idag avgrensa (Regulering RSV) i tillauselvane. Auren gyt truleg og i sjølve vatnet utan at denne granskingsa kunne fastslå det. Med den noverande beskatninga i vatnet er rekrutteringa truleg tilstrekkeleg. Men utsetjing av setjefisk kan bli naudsynt dersom fisket vert intensivert.

I høve til næringsmengda har Suldalsvatnet i dag ein noko tett og etter måten gamal og seintveks-ande aurebestand av under medels kvalitet. For å auka produksjonen og betra fiske-kvaliteten er det naudsynt med utfisking. Det bør nyttast botngarn frå 24 omfar-28 omfar. Auren konkurrerer i dag med røya om næringa og det er derfor også naudsynt med utfisking av røya for å betra tilhøva for auren.

2. Røye.

Lengdefordelinga av fangstane er ført opp i tabell 1. Hovedmengda av fangsten er frå 22-25 cm. Bortsett frå ein liten tendens til mindre fisk ved Roaldkvam/Nesflaten er det liten skilnad på fangststadene. Flytegarnfiske (september) viste naturleg ein liten auke i fiskestorleiken

Mageinnhaldet er granska på ein del av fangsten, sjå tabell 2. Ved junifisket var mageinnhaldet forutan plankton ein del mygg og fisk. Ved septemberfisket dominerte plankton fullstendig, men det skuldast truleg at fangstane då var på flytegarn. Ved Kvildal var det særleg mykje myggupper i mageinnhaldet, men det kan skuldast tilfeldighet. Det er elles ingen skilnad på fangststadene.

Røyer som hadde fisk i magen var alle over 24 cm. Røya må derfor kome over ein viss storleik 24-25 cm for å gå over på fiskeføde og dermed auke i veksten.

Røya gyter i sjølve vatnet på særskilte stader og som ofte er godt kjent lokalt. Prosent gytefisk i fangsten frå septemberfisket er ført opp i tabell 3. Tala er etter måten små og samsvarar ikkje heilt med andre data som peikar mot ein tett røyebestand. Flytegarnfisket om hausten (nær gyte-tid) kan være årsaka.

Kvaliteten av fisken var under middels god. Gjennomsnittleg K-faktor er ført opp i tabell 4, sjå bakerst i rapporten, og viser liten skilnad på fangststader og fisketid. Røye med K-faktor over 1,0 hadde alle fisk i magen. Mykje av fisken var imidlertid lys raud i kjøtet. Bendelorm reduserte fiskekvaliteten mykje, særleg om hausten då nærare 90% var anprepe av bendelorm. I tillegg var det ein god del gjelle-parasitter.

Suldalsvatn har i dag stor bestand av røye av middels - mindre god kvalitet. Både fiskestorleik, mageinnhald og K-faktor viser at vatnet er tettbefolka. Utan auka beskattning (fiske) er det fare for at vatnet om ikkje lenge blir overbefolka med små røye av dårlig kvalitet. Det bør derfor snarast setjast i gang utfisking med garn og not. Bruk av flytegarn har gjeve gode resultat. Maskevidde på garna må vere frå 24 omfar - 30 omfar, Mest 28-30 omfar). Inntil vidare kan det fiskast uavgrensa.

Tilhøve aure/røye.

I vatn med blanda fiskebestand av aure og røye vil det alltid vera ein viss næringskonkurranse mellom artane. Frå naturen si side er røya betre tilpassa å leve av frittsrevande krepsdyr i vatnet (plankton) enn auren som helst tek botndyr. Eit stort og djupt vatn med få grunnområder som Suldalsvatnet vil derfor normalt ha ein stor røyebestand i høve til auren. Auke i røyebestanden har medført auka konkurranse mellom aure og røye om næringdi (botndyr). I tillegg har tidlegare reguleringar redusert rekrutteringstilhøva for auren ogsåleis yore med på å endra den naturlege balansen. Dette kan betrast ved eventuell utsetjing.

Den føreståande regulering av Suldalsvatnet, vil medføre redusert produksjon av botndyr og såleis gjera næringstilhøva for auren ennå vanskelegare. Røya vil derfor i framtida dominere i Suldalsvatn.

Kulturtiltak/driftsplan.

For å betra tilhøva i vatnet er det naudsynt å redusera fiskebestanden, særleg røyebestanden. Ei kraftig utfisking med høveleg reidskap må til, så det kan fiskast nærmere 30 tonn årleg dei første åra. Flytegarn har vist seg å vera effektive og etter måten lite arbeidskrevande. Kurs i flytegarnsfiske må derfor haldast. Vidare er det naudsynt med kastenotfiske på gyteplassane der det er mogeleg. Tilhøva må og leggjast til rette for at alle mot ei viss godt-gjerdsle (lita) kan driva dette fiske (salg av garnkort).

Fisken som fangast bør omsetjast slik at utfiskinga gjev visse inntekter. Ei viktig oppgåve er derfor å skaffa kjøparar og organisere ei slik omsetjing. Dette er ei viktig oppgåve for den kommunale innlandsfiskenemnda.

Når vatnet er kome meir i hevd kan det drivast eit lønsamt næringsfiske i vatnet slik det i dag mellom anna vert drive i Jølstervatn. Korleis vatnet då skal drivast må ein koma attende til når ein ser resultat av utfiskinga.

Følgjande må derfor gjennomførast dei kommande fem åra:

1. Årleg utfisking ca. 30 tonn røye og aure.
 - a. Flytegarnsfiske etter røye 24-30 omfar.
 - b. Botngarnsfiske etter aure 24-28 "
 - c. Kastenotfiske få gyteplasser og mogeleg bruk av rotenon.
2. Leggja tilhøva tilrette for ålmentfiske i vatnet.
Salg av rimelege garnkort og vanlege fiskekort.
3. Organisere omsetjing av fisken som fangast.
4. Skaffa midlar til kjøp av utfiskingsutstyr.

KONKLUSJON.

Suldalsvatn er eit næringsrikt vatn med særleg tett bestand av røye, men og ein god del aure. Ved riktig drift kan vatnet gje ein årleg avkasting på 8-10 kg fisk pr. ha eller opp til ca. 30 tonn aure og røye. Bruttoverde av denne fisken er på ca. 350.000,- kroner. Produksjonen er i dag vesentlig lågare, og berre ein liten del av fisken vert utnytta.

For å betra tilhøva både med omsyn til fiskeproduksjon og kvalitet er det naudsynt med ei kraftig utfisking. Dei første åra bør det årleg fangast ca. 30 tonn røye og aure. Med

riktig drift kan vatnet vera ei viktig attåtnæring til gardsbruka.

Det er viktig at utfiskinga kjem snøgt igang. Etter at Suldalsvatnet vert regulert vil mogelegheten for overbefolking av røye auka, og arbeidet med utfisking verta ennå vanskelegare.

Både fiskerettseigarar, kommunale myndigheter og tildels NVE/Statskraftverka bør kjenne eit ansvar for at arbeidet kjem igang og at den store fiskeressursen i Suldalsvatnet vert nytta.

Erlend Waatevik
Erlend Waatevik

Fig. 4. LENGDEFORDELING AV AURE — SULDALSVATN.





Fig. 2

SULDALSVATN
VEKSTKURVE - TOTAL FANGST

II.



"Tallene angir antall fisk som
er lagt til grunn for beregningene.

Fig. 3

GJENNOMSNITTLIG LENDEVEKST

12.

LENDE I CM

40

30

20

10

1

2

3

4

5

6

7

ALDER I ÅR

BRÅTVEIT(25)*

ROALDKVAM(26)*


KVILDAL(46)*

* Tall i parantes angir antall fisk.

Fig. 4 SULDALSVATN

- GJENNOMSNITTLIG K-FAKTOR I HVER LENGDEGRUPPE -

TOTAL FANGST



Tallene under kurven
angir antall fiske i
hver lengdegruppe.

16.0 - 19.0 19.1 - 22.0 22.1 - 25.0 25.1 - 28.0 28.1 - 31.0 31.1 - 34.0 34.1 - 37.0 37.1 - 40.0 40.1 - 50.0

LENGDEFØRDELING I SULDALSVATN

Tabell 1. Mageinnhald aure.
Botngarnfangst Suldalsvatn 1975.

Mageinnh.	Fangstst.	Frekvensprosent av undersøkte fiskemager med innhold			
		Roaldkv.	Nesflaten	Bråtveit	Kvildal
Luftinsekt		45	58	70	27
Snegl		55	37	30	57
Musling		14	5	-	19
Vannkalv		5	5	10	3
Mygg L/p		36	58	45	32
Vårflugel.		55	53	35	65
Døgnflugel.		9	5	5	8
Steinflugel.		9	26	50	14
Fisk		9	5	15	5
<u>Ant. Mager</u>		22	19	20	37

Tabell 3. Prøvefiske Suldalsvatn 1975.
Mageinnhald frå røye.

Mageinnhald	Fangsstad	Fisk (lengde)+	Plankt.	Myggp.	Tom	Und.
<u>Botng./juni.</u>						
Nesflaten/Roaldkv.	4	(24,2-29,?)	13	3	3	22
Bråtveit	7	(24,8-31,0)	17	1	0	25
Kvildal	3	(24,0-31,0)	4	32	29	68 --
<u>Flyteg./september</u>						
Nesflaten	0		36	1	3	39
Kvildal	0		19	0	16	35

+ lengde på røye med fisk i magen.

Tabel 2. Prøvefiske Suldalsvatn 1975.
Røyne = lengdefordeling (3 cm-grupper).

Fangststad	Lengdegr.			Røyne			Lengdegr.			Røyne		
	16,0 Ant. / %	16,1/19,0 Ant. / %	19,1/22,0 Ant. / %	22,1/25,0 Ant. / %	25,1/28,0 Ant. / %	28,1/31,L Ant. / %	16,0 Ant. / %	16,1/19,0 Ant. / %	19,1/22,0 Ant. / %	22,1/25,0 Ant. / %	25,1/28,0 Ant. / %	28,1/31,L Ant. / %
<u>Botngarn juni.</u>												
Roaldkvam	0 (0)	2 (6)	15 (45)	14 (42)	2 (6)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	33	
Nesflaten	1 (2)	3 (7)	5 (12)	27 (63)	6 (14)	1 (2)	1 (2)	1 (2)	1 (2)	1 (2)	43	
Bråtveit	0 (0)	0 (0)	5 (9)	40 (70)	10 (18)	2 (3)	2 (3)	2 (3)	2 (3)	2 (3)	57	
Kvildal	0 (0)	0 (0)	47 (22)	124 (59)	39 (18)	1 (1)	1 (1)	1 (1)	1 (1)	1 (1)	211	
Flyteg. september.	1 (0)	5 (1)	72 (21)	205 (50)	57 (17)	4 (1)	4 (1)	4 (1)	4 (1)	4 (1)	344	
<u>Nesflaten</u>												
Nesflaten	0 (0)	0 (0)	2 (5)	31 (79)	6 (15)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	39	
Kvildal	0 (0)	0 (0)	3 (9)	26 (74)	6 (17)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	35	
	0 (0)	0 (0)	5 (7)	57 (77)	12 (16)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	0 (0)	74	

Talet i parentes er prosent av fangsten.


Tabell 4. Prøvefiske Suldalsvatn 1975.
 Prosent gytefisk og fisk med parasitter
i flytegarnsfangsten.

Fangststad	% gytefisk	% m/parasitter
Nesflaten	31	90
Kvildal	51	89

Tabell 5. Gjennomsnittlig kondisjonsfaktor
røye - Suldalsvatn 1975.

Fangststad	K-faktor	Spreiing
Nesflaten	0,86	0,65 - 1,10
Roaldkvam	0,86	0,74 - 0,95
Bråtveit	0,86	0,55 - 1,23
Kvildal	0,85	0,59 - 1,10
Nesflaten	0,88	0,73 - 1,04
Kvildal	0,88	0,73 - 1,14

SULOALS VATN.



PRØVE FISKE OMRÅDE

MÅlestokk 1:200,000

0 1 2 3 4 5 KM